

Ein bunad for alle



Kva er ein bunad?

På 1700- og 1800-talet utvikla fleire plassar i landet lokale klesskikkar som kombinerte nye impulsar og gamal tradisjon med lokalt særpreg. Desse lokale skikkane byrja gå ut av bruk då industri og masseproduksjon tok over frå andre halvdel av 1800-talet. Samtidig vart dei inspirasjon til ein ny type festklede: bunaden.

Ordet bunad kjem frå klædebunad, og det var Hulda Garbog på byrjinga av 1900-talet som tok det i bruk på klede med røter i gamle folkedrakter. Seinare har det kome ein rekke nye bunader med meir eller mindre historisk opphav, knytt til ulike plassar rundt om i landet.

Kvar kjem bunaden frå?

Bunadane er som det meste anna av kultur eit resultat av impulsar utanfrå, gamal tradisjon, omforming, omdanning og nyskaping. Mange av dei materiala, teknikkane og mønstra som er brukte, er kjent over store deler av verda. Nokre bunader er så nær kopiar av gamle folkedrakter som ein kan kome. Andre er laga med ulik grad av nyskaping og nokre er laga heilt nye.

Kven eig bunaden?

Du eig sjølv sagt din eigen bunad. Nokre kunstnarar eig rettane til bunader dei har designa, og nokre fagpersoner, firma eller foreiningar har rettar til bunader og materiale dei har utvikla. Men sjølve kulturen, det at vi bruker bunad og pratar om bunad, det er har ingen eigedomsrett til. Alle som tek del i bunadkulturen er med på å føre han vidare.

Kven kan bruke bunad?

Alle kan bruke bunad, den passer alle fasonger og aldrar. Du treng ikkje vere frå ein bestemt plass, snakke rett dialekt eller ha bestemte meiningar for å bruke bunad. Spørsmålet om kvar bunaden, eller folkemusikken eller rosemålinga for den saks skuld, kjem frå, blir ei synleggjering av vår tids kulturelle rotløyse og uvisse. Dess lenger bak i tid ein går, dess meir mangfaldig vil ein oppdage at opphavet til bunaden er. Spørsmålet om kultur handlar ikkje om eigedomsrett og opphav, det handlar om eksistens og utøving.

Kven kan lage bunad?

Du treng ikkje vere fødd i Hardanger for å sy hardangersaum, eller ha norsk pass for å sy ein bunad. Men er ikkje alt som er like lett å få til, så eit godt handlag og litt øving kjem godt med. Fleire av dei som syr bunad for sal i Noreg i dag har fagbrev som bunadtilverkarar. I utgangspunktet kan alle som vil sy bunad. Du kan prøve deg på eiga hand, kjøpe materialpakke eller melde deg på kurs. Men vi har ikkje krav på å få tilgang på mønster og material som andre har utvikla og laga. Difor er det nokre bunader som berre nokre få kan sy.

Gleda med bunaden

Bunaden er stasplagget framfor noko, det vi kan bruke på besøk på slottet, i dåp og bryllaup, i sekkeløp og som kioskvakt på 17. mai. Det er ikkje andre plagg i skapet med like lang levetid og som passar til så mange ulike høve. Bunaden er eit sikkert kort, men det har ikkje alltid vore slik.

På byrjinga av 1900-talet var bunaden eit sterkt symbol i ein aktiv kulturpolitisk kamp. Den kulturen vi i dag tek for gitt, er kjempa fram av nokon som har gått føre og betalt prisen for det. For få generasjonar sidan vart bunadbruk sett på som øydeleggjande for nasjonen og den norske kulturen. Kulturen endrar seg, og godt er det.

Dei siste åra har bunaden også utvikla seg til å bli eit statussymbol. Påkosta, med meir sylv og tilbehør enn tenkjast kan. Det er velstand knytt til bunaden. Ikkje berre skal ein ha rett bunad, men og ein som ser rett ut, overdådig pynta, med kostbare, handvevde stoffer og broderi.

Ein treng ikkje betale i dyre dommar for sylv og broderi og tilbehør. Bunaden kan ha masse ekstra pynt, men den er like fin, like mykje bunad, om ein ikkje har det. Å arve eller sy om ein gamal bunad er vel så bra som å få sydd ein ny. Vi har kledd opp og gjort bunaden stadig meir kostbar dei siste åra. Det er på tide å ta det ned, ikkje gjere det så vanskeleg og dyrt å få seg bunad.

Om huset skulle byrja å brenne, kva eigedelar ville du først redda ut? Mange har bunaden høgt opp på denne lista. Ikkje fordi han er dyr, men fordi han er uerstatteleg. Bunaden er ein personleg eigedel, med si eiga historie som er like viktig som familiefotografia. Det er di personlege bunadshistorie som er den største verdien. Det er summen av alle desse personlege bunadforteljningane som gjer bunaden til det han er i dag – eit symbol for ein heil nasjon.

Bunaden er verdt å ta vare på. Då må vi aller først ta vare på gleda ved å bruke bunad og syte for at fleire får høve til å dele den gleda.



Sju bunadsmyter

1. "I gamledagar tok dei det dei hadde, så difor kan eg bruke det eg har til bunaden"

Ja, sjølvsagt kan du det. Men dersom du ønskjer å ha ein bunad som liknar på dei historiske førebileta, så held ikkje argumentet. Dei hadde ikkje så mykje å velje mellom før, og dei hadde eit heilt anna syn på kva som var stygt og pent, og kva som passa seg og var sømmeleg. Så sjølv om du kan gjere som du vil, så vil du truleg også endra bunaden din vekk frå det historiske opphavet.

2. "Ein kan ikkje bruke sminke, solbriller, 17. maisløyfe eller klokke til bunaden"

Sludder og vås. Det finst ikkje noko sminke eller moderne tilbehør som høyrer med til bunaden, sjølv om kreative sjeler har laga både paraply, slips og hårpynnt. Bruk det du likar eller treng.

3. "Alle må ha hovudplagg til bunaden"

Må vi det? Dei aller fleste bunader har tilhøyrande hovudplagg, forseggjorte og tradisjonsrike. At tilbehøret finst, betyr ikkje at ein treng å sy, kjøpe eller bruke det.

4. "Ein må ha bunadsko og svarte strømpar til bunad"

Nei, det må ein ikkje. Bunaden brukast ofte på dagar ein skal stå og gå mykje, og då er det betre å velje gode sko anten det er bunadsko, joggesco eller sandalar. Dessutan finst det strømpar i alle slags fargar, og alle kan vere fine til bunaden.

5. "Skjorta skal ha strykekant"

Det kan ho sjølvsagt ha, men det er sanneleg ikkje lett å unngå skrukkete linskjorter. Det kjem av at linfibrane er stive, og stivare blir dei av stryking. Dei knekk og lagar skrukkar på skjorta så fort du ser på dei. Skjorta held seg lenger om du ikkje bruker for mykje varme på strykejarnet.

6. "Ein kan ikkje feste i bunad"

Nei, tenke seg til! Ein må stå skulerett heile dagen! Sjølv sagt kan ein ha det moro i bunad. Vi vil oppmode til generell folkeskikk, men det gjeld alle, med og utan bunad på.

7. "Du brukar bunaden feil"

Bunadpolitiet kjem! Det kan hende du får høyre, av nokon som meiner dei har rett til å fortelje deg det, at brukar du bunaden din feil. Då kan det vere greitt å minne dei på at sjølvutnemnd bunadpoliti ikkje har noko myndigheit eller sanksjonsmoglegheit, og du kan gjere nett som du vil. Bunaden er mangfaldig – hald fram å bidra til mangfaldet.



OM NOREGS UNGDOMSLAG

Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med over 14 000 medlemmar i 350 lag over heile landet. Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø. Kontakt: post@ungdomslag.no // tlf. 24 14 11 10 // www.ungdomslag.no